



**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Fitjar rådhus  
**Dato:** 20.03.2013  
**Tid:** 15:00 – 19:30

## Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Agnar Aarskog	Varaordførar	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Lars Ove Rimmereid	Medlem	SP
Harald Rydland	Medlem	KRF

## Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

## Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Kristin Meland	Sekretær
Trond Salmo	Økonomisjef
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef
Anne Berit H. Johansen	Helse- og sosialsjef
John Karsten Raunholm	Skulesjef
Liene Tolka	

*Wenche Tislevoll*

Wenche Tislevoll  
Ordførar

Arne Prestbø

Harald Rydland

*Kristin Meland*  
Kristin Meland  
Møtereferent

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 14/13	Godkjenning av protokoll	
PS 15/13	Meldingar	
PS 16/13	Smedholmen (Kjeholmen). Forslag til landsverneplan for Miljøverndepartementet - Høyring.	
PS 17/13	Oppstartsvedtak for "Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv".	
PS 18/13	Auke i talet på private barnehageplassar - ressursituasjonen barnehageåret 2013 -14	
PS 19/13	SIM IKS og rapport etter selskapskontroll	
PS 20/13	Finansforvaltningsrapport 2012	
PS 21/13	Ressursituasjonen på helse- og omsorg.	X
PS 22/13	Fallrettar i Årskogelva - leigeavtale eller sal	X
PS 23/13	Tomt i Havn	X
PS 24/13	Ymse	

## PS 14/13 Godkjenning av protokoll

### Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå møte 13.02.2013.

### Behandling i Formannskapet - 20.03.2013:

#### Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

## PS 15/13 Meldingar

### Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

### Behandling i Formannskapet - 20.03.2013:

#### Til meldingane;

**Liene Tolka** orienterte formannskapet om adresseprosjektet og eksisterande vegnamn i kommunen.

**Driftsleiar Tore Nesbø** orienterte om rapport nr 5 – utbygging Rimbareid skule.

Formannskapet drøfta meldingssak vedkomande bemanning teknisk drift og presiserte at oppretting av stillingar er budsjettsak.

**Kultur- og informasjonssjef Bente Bjelland** orienterte om; Plan for idrett og friluftsliv; planen er under arbeid, det vert laga heilt ny plan Kulturminneplan; framdriftsplanen blei utdelt. Arbeidet er godt igong.

Losjehuset; dette er no kjøpt og betalt, maling-elevar frå kulturskulen nyttar no lokalet. Stord/Fitjar Lions skal hjelpe til med oppussing. Huset er tenkt nytta til utstillingslokale og til små arrangement.

**Rådmann Atle Tornes** orienterte om;

Stord/Fitjar landbruks- og miljøkontor.

Bjørnar Løkstad vert konstituert leiar ut året frå etter påske.

Det er forskjellige vedtak i Stord og Fitjar sine kommunestyre om vertskommuneavtalen. Stord kommunestyre har bestemt at det skal være evaluering av kontoret i 2013. Fitjar vil ha evaluering i 2014. Fitjar kommune har bede om møte med Stord kommune om saka.

Dokken i Årskog – det er klaga på vedtaket om å bruke «gardin» i løyvet som er gitt. Måten er for dyr og vanskelig. Fylkesmannen skal handsama klagen denne veka. Dette kan igjen medføre vansker med å få transformator i land på kaien.

**Ordførar Wenche Tislevoll** orienterte om status seniorsenter

Det er kommet inn tilbod på innreiing av lokalet over biblioteket, samt på flytting av trapp og gangbru til lokalet. Arbeidsgruppa må arbeida vidare med ekstern finansiering og leggja fram ein endeleg kalkyle/finansiering- og driftsplan.

Utsett melding frå sist møte vert flytta under ymse.

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 16/13 Smedholmen (Kjeholmen). Forslag til landsverneplan for Miljøverndepartementet - Høyring.**

### **Framlegg til vedtak:**

Fitjar formannskap stør forslag til landsverneplan for Miljøverndepartementet kompleks 2271 Kjeholmen (Smedholmen) med atterhald som er skissert i saka.

### **Behandling i Formannskapet - 20.03.2013:**

**Representanten Harald Rydland (KrF)** kom med framlegg følgjande tillegg i vedtaket: Dersom andre enn statlege organ skal stå som forvaltarar av eigedomsmassen må bygningane først oppgraderast på staten si rekning.

Administrasjonen kom med slikt framlegg til tillegg i vedtaket: Det bør sikrast nødvendig midlar til vedlikehald.

### **Røysting:**

Framlegg frå Harald Rydland vart samrøystes vedteke

Tilleggsframlegg frå administrasjonen vart samrøystes vedteke og det ligg føre slikt;

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Fitjar formannskap stør forslag til landsverneplan for Miljøverndepartementet kompleks 2271 Kjeholmen (Smedholmen) med atterhald som er skissert i saka.

Det bør sikrast nødvendig midlar til vedlikehald.

Dersom andre enn statlege organ skal stå som forvaltarar av eigedomsmassen må bygningane først oppgraderast på staten si rekning.

## **PS 17/13 Oppstartsvedtak for "Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv".**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet vedtek igongsetting av arbeid med ny «Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv for 2014-2024».

### **Behandling i Formannskapet - 20.03.2013:**

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 18/13 Auke i talet på private barnehageplassar - ressursituasjonen barnehageåret 2013 -14**

### **Framlegg til vedtak:**

1. Formannskapet ser positivt på dei løysingane som er lagt fram for dekkja etterspørselen etter barnehageplassar i kommunen.
2. Ei tilleggsøyving på kr 365.473,- for hausten 2013 vert å innarbeida i revidert budsjett for 2013.

### **Behandling i Formannskapet - 20.03.2013:**

#### **Utlevert i møtet:**

Ny oversikt over utgifter til nye barnehageplassar i Fitjar kommune. Dette gir ei auka utgift som må implementerast i revidert budsjett på kr. 141.024,83. Summen vert å justere inn i vedtaket.

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

1. Formannskapet ser positivt på dei løysingane som er lagt fram for dekkja etterspørselen etter barnehageplassar i kommunen.
2. Ei tilleggsøyving på kr 506.497,83 for hausten 2013 vert å innarbeida i revidert budsjett for 2013.

## **PS 19/13 SIM IKS og rapport etter selskapskontroll**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet legg til grunn at formannskapet og administrasjonen, utvida med kommunen sine representantskaps- og styremedlemmer, saman med representantar frå selskapet, skal vera eigarmøte. SIM skal ha brei merksemd i den årlege selskapsrapporten. Kvart selskap vert invitert til å møta kommunestyret dersom det er behov for informasjon ein eller begge vegar utanom rutine, og elles etter ein turnus, med eit selskap kvart år, over 3-4 år.

Formannskapet avventar felles interkommunale rutinar, jf underpunkt 4, til dei ligg føre. Ved val av styre- og representantskapsmedlemmer til kommunen sine selskap skal kommunen leggja til grunn....

### **Behandling i Formannskapet - 13.02.2013:**

Representanten Agnar Aarskog (Ap) kom med framlegg om å utsetje saka.

Formannskapet vedtok samrøystes å utsetje saka til neste møte.

### **Vedtak: (Samrøystes – 4 røyster)**

Saka vart utsett.

### **Behandling i Formannskapet - 20.03.2013:**

**Ordførar Wenche Tislevoll (H)**, kom med framlegg om at siste setning skal lyde slik;  
... leggja minst like stor vekt på kompetanse som partitilknytning.

**Representanten Lars Ove Rimmereid (SP)** kom med framlegg om at siste setning skal lyde slik;  
..... leggja til grunn kompetanse og ikkje partitilknytning.

Framlegg frå Sp fekk 1 røyst og fall.

### **Vedtak: (4 – 1 (SP))**

Formannskapet legg til grunn at formannskapet og administrasjonen, utvida med kommunen sine representantskaps- og styremedlemmer, saman med representantar frå selskapet, skal vera eigarmøte. SIM skal ha brei merksemd i den årlege selskapsrapporten. Kvart selskap vert invitert til å møta kommunestyret dersom det er behov for informasjon ein eller begge vegar utanom rutine, og elles etter ein turnus, med eit selskap kvart år, over 3-4 år.

Formannskapet avventar felles interkommunale rutinar, jf underpunkt 4, til dei ligg føre. Ved val av styre- og representantskapsmedlemmer til kommunen sine selskap skal kommunen leggja minst like stor vekt på kompetanse som partitilknytning.

## **PS 20/13 Finansforvaltningsrapport 2012**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre tek finansforvaltningsrapporten til vitande.

### **Behandling i Formannskapet - 20.03.2013:**

### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Fitjar kommunestyre tek finansforvaltningsrapporten til vitande.

**PS 21/13 Ressurssituasjonen på helse- og omsorg.**

**PS 22/13 Fallrettar i Årskogelva - leigeavtale eller sal**

**PS 23/13 Tomt i Havn**

**PS 24/13 Ymse**

**Framlegg til vedtak:**

**Behandling i Formannskapet - 20.03.2013:**

Rådmannen orienterte om lukka sak frå sist møte vedk. tomt Rimbareid, flytta frå meldingssaka. Formannskapet tek orienteringa til vitande.

Rådmannen orienterte om endring av avtale med Koløy Terrasse vedkomande vass- og avløpsanlegg i forbindelse med utbygging i Koløyo. Varaordførar forhandlar saman med rådmannen.

**Representanten Harald Rydland (KrF)** orienterte om Landsforeningen for vindkraftkommunar kor han har vært styremedlem i 4 år. Det skal være årsmøte 13. og 14. mai, Rydland står på val i år.

**Ordførar Wenche Tislevoll (H)** orienterte om ombygging rådhuset.

Det er kommet inn anbud på totalt nesten 6 mill. Utomhus utgjer 1,8 mill, innomhus utgjer 4,2 mill.

Sak om ombygging rådhuset skal handsamast i neste formannskap og skal vidare til kommunestyre.

**Vedtak:**